



Opptaka til kortfilmen om mobbing er i gang og her er heile filmgruppa samla på skulen. 9.000 kommunale kroner vil stimulera tiltaket kraftig. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ungdommens kommunestyre hadde møte i Rådhuset torsdag og fleire tiltak og personar i Uskedalen var tilgodesett med løyvingar.

Den største løyvinga fekk Vegard Døssland. Han søkte om 10.000 kroner av Solsikkeprisen og fekk det – til innkjøp av instrument for utvikling av korpsmusikk på høgt nivå, som det heiter i begrunnelsen. Vegard er aktiv i HUBB (Hordaland Ungdoms Brassband). I kriteria for prisen heiter det at løyvingane mellom anna skal gå til talentfull ungdom som ynskjer å delta på krins- og landssamlingar.

Hobbyklubben i Bedehuset fekk ei løyving på 9.000 kroner av den kommunale potten til ungdomstiltak for andre halvåret i 2007. Klubben hadde søkt om 12.000 kroner av eit samla finansieringsbehov på 17.000 til filmprosjektet om mobbing på skulen som no er i gang og skal avsluttast til våren.

Frå den same potten fekk den kommunale ungdomsklubben Zacko 6.000 kroner til to internett-maskinar med playstation 3 med spel. Maskinane skal nyttast under klubbmøta på loftet i Gamleskulen, som blir halde på onsdagskveldane. Denne klubben er ope for elevar frå åttande klasse og oppover. Her er det samla finansieringsbehovet 25.000 og klubben hadde søkt om 10.000.

Uskedalen skulemusikk fekk 3.000 kroner av potten til slagverk-kurs. Korpset hadde søkt om 6.800 av eit samla budsjett på 13.800 kroner. Dette er ei vidareføring av eit nyskapande tiltak for "den gløynde instrumentgruppa" i korpset, skriv saksførebuar Kristian Bringedal.

Rosendal skulekorps fekk også 3.000 kroner, men pengane skal gå til eit samarbeidstiltak med Uskedalen-korpset: seminar og konsert med Frank Brodahl. Her er det samla finansieringsbehovet 10.000 kroner og det var søkt om denne summen.

Av Ola Matti Mathisen